

NABOVARSEL – INNHALD OG VARSLINGSMÅTAR**Varsel til naboar og gjenbuarar, pbl § 21-3 og byggesaksforskrifta § 5-2****Varsel ved søknadspliktig tiltak:**

- Ansvarlig søkjar eller tiltakshavar sender/leverer nabovarsel til naboar og gjenbuarar.
 - Når nabo- eller gjenbuareigedom er ei festa tomt, skal både eigar og festar varslast.
 - Gjeld søknaden riving, skal søkjar også varsle dei som har pengeheftingar i eigedomen.
 - Dersom grunneigar si adresse ikkje er kjent eller ikkje finst i matrikkelen, kan varsling unnlates.
- Nabo/gjenbuar sender merknad til ansvarleg søkjar eller tiltakshavar innan to veker etter at varsel er sendt. Kopi av merknaden kan sendast kommunen i tillegg.

Dersom søknad vert sendt kommunen seinare enn eit år etter utsending av nabovarsel, skal det sendast nytt nabovarsel til alle naboar og gjenbuarar.

Nabovarselets innhald:

- Opplysningar som vert gitt ved søknad, i den grad dei vedkjem naboar eller gjenbuar sine interesser.
- Målsett situasjonsplan, snitt- og fasadeteikningar, med mindre det ikkje er relevante.
- Ved endra bruk, også opplysningar om tidligare bruk.
- Grunngeving for søknad om dispensasjon i den grad dispensasjonen vedkjem naboar eller gjenbuar sine interesser.

Varslingsmetode:

- Ved rekommandert sending.
- Ved personlig underskrift.

Dersom nabo/gjenbuar skriv under direkte på gjenpart av nabovarsel, skal likevel alle vedlegg til nabovarselet leverast til nabo/gjenbuar.